



Jon Inge Nesse
Elsåsvegen 111 A
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/856 - 18/24803

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
25.09.2018

Landbrukssak GBNR 157/4 Otterås - Svar på søknad om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Søknaden:

Me synar til søknad om beiterydding på Gbnr 157/4 Otterås. Arealet som omfattar søknaden er på ca 30daa og området er no dekt av lauvskog og andre vekster. Området har tydelig preg av eldre kulturmark og er ein viktig del eit samanhengande større beite som vert nytta i dag.

Vurdering naturmangfaldslova:

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vedtak:

Lindås Kommune v/Landbrukskontoret løyver kr 45 000,- til beiterydding av 30daa som er søkt om.

Løyvinga vert gjeve på fylgjande vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- **Arbeidsfrist er 28.09.2021.**
- Det kan søkjast om utsetting av arbeidsfrist i inntil to år utifrå skriftleg grunngjeving, seinast 1 måned før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til pkt. 7 i søknadsskjema ved underskift si.
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyvinga.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskott vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskott når tilsvarande mengd av arbeidet



er gjort. Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskapen er godkjend av kommunen.

- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, kopi av eventuelle bilag og foto av utført arbeid.

- Til utbetaling vil kontonr: 3632.07.11562 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endringar.

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - gbnr 157/4 Otterås

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

Mottakarar:

Jon Inge Nesse

Elsåsvegen 111 A

5912

SEIM